

## Referat Årsmøte 2009

**Tid:** 15. Januar 2009, kl 19:00  
**Stad:** kantina til Berge & Co, Førde  
**Tilstades:** Leif Laache, Heidi Fureli, Bjørn Odden, Guttorm Kleppe, Marius Dalin, Harald Eikenes, Ina Bruland, Rune Berge, Svein Arne Hoff, Øystein Nøtsund, Roald Apalseth og Brit Siv Fimland  
**Skrivar:** Guttorm Kleppe

### 1. Val av ordstyrar og skrivar

- a. Marius vald til ordstyrar og Guttorm til skrivar.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

- a. Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 3. Gjennomgang og godkjenning av årsmelding

- a. Årsmeldinga vart opplesen av Marius og godkjent.

### 4. Gjennomgang og godkjenning av rekneskapen

- a. Rune tokk gjennomgang av rekneskapen for 2008. rekneskapen blei godkjent av årsmøte.
- b. Årsmøte godkjente at ein slår saman naust konto med driftskonto, då rekneskapen for naustet er slutført.
- c. Rekneskapen for 2008 er godkjent av revisorane Ole John Østenstad og Einar Paulsen.

### 5. Budsjett for 2009

- a. Rune tok gjennomgang av Budsjett.
- b. Årsmøte godkjente budsjettet, med endring at ein tar vekk post om støtte frå NPF på 20 000,-

### 6. Fastsette medlemskontigent

- a. Styret føreslår og halde på den noverande kontigenten, dvs 250,- per år.
- b. Årsmøte vedtar og halde fram med 250,- per år.

### 7. Flytting av tidspunkt for årsmøtet

- a. Forslag til vedtak: "Formuleringa i vedtektene, § 9 - Årsmøte:
  - i. "Laget sitt høgste styringsorgan er årsmøtet, som skal haldast kvart år i november månad.", endrast til: "Laget sitt høgste styringsorgan er årsmøtet, som skal haldast kvart år før 20. januar."
- b. Årsmøte vedtok forslag som det låg føre.

### 8. Endring av målsettinga

- a. Forslag til vedtak: "Ta omsyn til natur og naturmangfald og fremje sporlaus ferd"
- b. Årsmøte vedtok forslag som det låg føre.

### 9. Gratis bruk av klubbkajakkane for styremedlemer

- a. Forslag til vedtak: "Styre og varamedlem får nytte/låne ein av klubben sine kajakkar gratis. Dette så lenge det er kajakkar ledige og det ikkje kjem i konflikt med klubbaktivitetar."
- b. Årsmøte vedtok forslag som det låg føre.

### 10. Val

- a. Styre for 2008
  - i. Marius Dalin (leiar)
  - ii. Guttorm Kleppe (nestleiar)
  - iii. Rune Berge (kasserar)
  - iv. Sissel Strømen
  - v. Leif Laache

- vi. Brit Siv Fimland (vara)
- b. Styre for 2009
  - i. Marius Dalin (leiar)
  - ii. Guttorm Kleppe (nestleiar)
  - iii. Rune Berge (kasserar)
  - iv. Ronny Løland (ny)
  - v. Ina Bruland (ny)
  - vi. Brit Siv Fimland (vara)
- c. Val av revisorar:
  - i. Ole John Østenstad og Einar Paulsen blei valt som revisorar.
- d. Val av valkomite:
  - i. Sissel Strømen og Leif Laacke blei valt som valkomite.

Guttorm Kleppe (sign)

Marius L. Dalin (sign)